

# Vedtekter for Øystre Slidre driftsplanområde for elg og hjort

## § 1 Foreininga sitt namn

Foreininga sitt namn er Øystre Slidre driftsplanområde for elg og hjort.

## § 2 Føremål

Foreininga har til føremål å vera eit kontaktledd mellom jaktrettshavarar for elg og hjort i Øystre Slidre kommune.

Føremålet skal bli oppnådd gjennom følgande aktivitetar:

- Utarbeida 3-årige driftsplanar for elg og hjort
- Ha jamlege møte med jaktrettshavarar og hjorteviltjeegar

## § 3 Organisasjonsform

Foreininga er ein frittstående juridisk person med medlemmer og er sjølveigande. At ho er sjølveignande inneber at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på foreininga si formue eller eigedelar, eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktingar.

## § 4 Medlemmer

Godkjende vald for elg og hjort i Øystre Slidre kommune kan bli medlemmer.

## § 5 Rettar og plikter knytte til medlemskapet

Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøte, har stemmerett og er valbare til tillitsverv i foreininga.

Medlemmer som skuldar kontingent for meir enn eitt år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og styret kan stryke dei som medlem av foreininga.

Medlemmene plikter å forhalde seg til vedtak som er gjort av årsmøtet.

## § 6 Årsmøte

Årsmøtet, som blir halde kvart år, er foreininga si høgaste myndigheit. Årsmøtet er vedtaksført med det antal medlemmer med stemmerett som møter, og alle medlemmer har ei stemme. Møteleiar blir vald av årsmøtet.

Med mindre anna er bestemt, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med alminneleg fleirtal av dei avgitte stemmene. Stemmelikskap blir avgjord ved loddtrekning.

Årsmøtet blir innkalla av styret med minst ein månad varsel, direkte til medlemmene eller ved kunngjering i pressa. Forslag som skal bli behandla på årsmøtet skal vere send til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må vere tilgjengeleg for medlemmene seinast ei veke før årsmøtet.

Årsmøtet kan ikkje behandle forslag som ikkje er ført opp på sakslista, med mindre 3/4 av dei frammøtte krev det.

## § 7 Årsmøtets sine oppgaver

Årsmøtet skal:

- behandle årsmelding
  - behandle revidert årsrekneskap
  - behandle innkomne forslag
  - fastsette kontingent
  - vedta budsjett
- velje:
    - leiar for 1 år
    - styremedlemmer for 3 år
    - revisor
    - kasserar
    - valkomité for 2 år

## § 8 Ekstraordinære årsmøter

Ekstraordinære årsmøter blir halde når styret bestemmer det, eller minst 1/3 av medlemmene krev det. Innkalling skjer på samme måte som for ordinære årsmøter, med minst 14 dagar varsel. Ekstraordinært årsmøte kan berre behandle og ta avgjerder i dei sakene som er kunngjorde i innkallinga.

## § 9 Styret

Foreininga har eit styre på 3 medlemmer. Styret er høgaste myndigheit mellom årsmøta. Styret skal halde møte når styreleiar eller eit fleirtal av styremedlemmene forlanger det. Styret kan gjere vedtak når eit fleirtal av styret sine medlemmer er til stades. Vedtak blir gjort med fleirtal av dei avgitte stemmene.

Styret skal

- sette i verk avgjerdene til årsmøte
- oppnemne eventuelle komitear, utval eller personar som skal gjere spesielle oppgaver, og utarbeide instruks for desse
- administrere og føre nødvendig kontroll med foreininga sin økonomi i samsvar til gjeldande instruksar og avgjerder
- representere foreininga utad

## § 10 Signaturrett

Det er medlemmene i styret i fellesskap som har signaturrett.

## § 11 Vedtektsending

Endringer av desse vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på saklista, og det krevst 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene.

## § 12 Oppløsning

Oppløysing av foreininga kan berre bli behandla på årsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

Foreininga si formue skal etter oppløysing og gjeldsavlegging gå til formålet foreininga arbeider for å fremje, ved at nettoformuen blir gitt til ein ideell organisasjon som årsmøte avgjer.

Ingen medlemmer har krav på foreininga sine midlar eller andel av desse.